

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

### Onsdag 21.09.2016

Fylkesutvalet deltok på synfaringar i Øygarden:

Thorolf Magnesen	Orientering om IMTA, tunikater, fremtidens oppdrettsarter, på Scalmarin
Geir Inge Hosteland	Omvising Labrus (Marine Harvest) på Kollsnes næringspark
Øyvind Blom	Omvising Blom sitt visningsanlegg ved Kystmuseet
Kystmuseet/utstilling	«Den blå åkeren» tar for seg m.a. oppdrettshistoria

Foredrag på Kystmuseet:

Bård Sandal	Akvakultur i HFK: regionreform, oppgåvefordeling, forsking, næring
Sølve Dag Sondbø	Ansvarsfordeling innan havbruksforvaltning (akvakulturregelverket)
Eva Katrine Taule Ritland	Akvakultur i planarbeid (regionale planar, kommunale arealplanar)
Tanja Hoel	NCE Seafood (Næringa si betydning for Hordaland og Vestlandet)
Solfrid Hjøllo (HI)	Utfordringar og utvikling (areal, miljø, lakselsus, rømming)
Sigurd Handeland	Ny teknologi (lukka anlegg, utviklingskonsesjonar)
Rita Hannisdal (NIFES)	Trygg sjømat (er norsk laks trygg? utfordringar med omdømmet)

### Torsdag 22.09.2016

Det var møte i fylkesutvalet kl. 09.00-13.00 (inkl. lunsj) og kl. 13.55-15.45.

Det var pause i fylkesutvalet sitt møte kl. 13.05.-13.55 pga. presentasjon av forhandlingsresultatet for ny folkevalgt Vestlandsregion til den politiske styringsgruppa for regionreforma.

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 199-230/16.

### OPEN TIME

**Kari Sørensen Bernardini (A)** viste til PS 61/2016 frå fylkestinget i juni 2016 om etablering av eit regionalt pompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet og bad om løypemelding om evt. kjøp av BT Signaal. Fylkesrådmannen opplyste at regionalt pompengeselskap er under etablering. Neste steg vil vere å gjere ei analyse og vurdering av «utstederfunksjonen».

**Mona Røsvik Strømme (H)** viste til fleire ras på E16 i sommar, og bad om å få eit notat om varslingsrutinar ved hendingar på vegnettet.

**Mari Klokkerstuen Kjellesvik (A)** stilte slike spørsmål:

«Kor mykje pengar får Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) av Hordaland fylkeskommune kvart år?  
Kor mykje pengar disponerer dei i form av potten som ungdomsorganisasjonane kan søke frå?  
Kva retningslinjer ligg til grunn for innstillingane til HBUR i søknadane dei får inn?»

**Silje Hjemdal (Frp)** viste til avgjerd i Bergen kommune knytt til Business Region Bergen (BRB), noko som vil ha konsekvensar for Hordaland fylkeskommune. Ho bad om status. Fylkesdirektør regional utvikling opplyste at det vil verte lagt fram sak om problemstillinga i neste møte.

**Silje Hjemdal (Frp)** viste til utfordringar knytt til drifta av Bybanen i det siste, og bad om orientering. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med skriftleg svar.